

Kloakkutslepp hindrar badeanlegg?

05.11.2015



Mellom fotografen og naustet som ein skimtar til høgre er det eit kloakkutslepp

Når det no er igang arbeid med eit flott aktivitetsanlegg i sentrum er det også naturleg å tenkje nærare på sambandet med fjorden, nærare bestemt strekninga utover mot Neset,

Korleis er mogelegheitene til å opparbeide eit større badeanlegg der? Dei er nok begrensa, men saka vart i alle fall teke opp under møtet onsdag. Det er allereie ei badestrand i området, men ho er på privat grunn - like ved skulen og Aktivitetshuset.

No vart det peika på området frå hytta som Myklebustbrørne eig og hytta som nyleg avdøde Tore Myklebust hadde. Der står det eit naust i dag, og det eig Synnøve Skeie. Men mellom dette og brørnes si nytte er det eit større kloakkutslepp og det er jo ikkje nokon ynskjesituasjon på ei badestrand, Men det kostar jo ingenting å lufte saka! Kloakk har vore flytta før-

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Kan det komma eit badeanlegg her?